



Blir det internett-tilbod i båthamna? (Foto: Erlend Moen)

**Internett-tilbod i båthamna er ei av sakene som truleg blir teke opp under det neste møtet i Dialogforumet, som blir halde tysdag 22. april klokka 20.**

Av andre saker som prosjektleiar Kristian Bringedal veit om og som er lufta kan nemnast:

- Minibank i Uskedalen?
- Cafe TI-aren og nyhende i papirformat
- Ei side i uskedalen.no på polsk
- Ein betre og meir funksjonell aktivitetskalender på nettsida
- Vegljøs på private og kommunale vegar

Bringedal ber om å få meldt inn saker, gjerne til [kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no)

Det er ein føresetnad at dei som melder inn saker sjølve møter fram og målber saka.

Tysdag blir det fyrst ein gjennomgang og oppsummering av drøftingane under siste møte, som var det første i Dialogforumet.

- Alle sakar kan takast opp til drøfting, ikkje noko er for stort eller for lite, seier Bringedal.